

Aslaug Marie Undheim m. fleire
Gloppedalsvegen 1276
4389 VIKESÅ

30.03.2017

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Høyringsuttale - vedr. konsesjonssøknader for Øvre og Nedre Lanes kraftverk

Småkraft AS har søkt om å få byggja to kraftverk, kalla Øvre Lanes kraftverk (lokalisert i Fossbrekka) og Nedre Lanes kraftverk (lokalisert i Storåna) nærmare gardsbruka på Espeland.

Begge kraftverka vil verta liggjande i del av Bjerkreimsvassdraget, dette vart verna av Stortinget i 2005. For Bjerkreimsvassdraget gjeld ei særordning: Det er gitt opning for å gi konsesjon for kraftverk på inntil 3MW, men under føresetnad av at verneverdiane ikkje vert forringa.

For begge kraftverka er det primært søkt konsesjon for å byggja ut med 3MW, ev. med litt over 1MW.

Vi meiner at konsesjonane for både Øvre og Nedre Lanes kraftverk må frårådst, både konsesjon for å byggja ut 3MW, og også for 1 MW.

Grunngjevingane for dette følgjer nedanfor.

Kva vi finn i området

Bjerkreimsvassdraget vart varig verna i 2005. Det vart likevel gitt ei opning for at det kunne verta gitt løyve til konsesjon for kraftverk inntil 3MW, men då under føresetnad av at dei verneverdiane som låg til grunn for det nasjonale vernet, ikkje vart forringa.

Etter vårt syn vil nettopp det skje ved ei kraftutbygging her: Verneverdiane vil verta forringa.

1) Heilskapleg og vakkert landskap

Det gjeld først og fremst dei verdiane som er knytte til det heilskaplege og vakre landskapet langs Storåna og i Fossbrekka.

På veg frå fv-503 og innover langs Storåna er det kultur- og naturlandskap med bratte fjell og elva som det sentrale midtpunktet i dalen.

I elva er det fire fossar, to av dei før vi kjem til Roaldstjørna, og to mellom Roaldstjørna og Maudalsvatnet. Fosseduren har vi med oss. Når vi ser etter, får vi

auga på nokre fossekallar. Det er også andre fuglar som gleder oss med kvitringa si, m.a. ringtrosten.

Jettegryta som ligg i den første fossen, er vakker å betrakta, og den minner oss om naturkrefter som har verka over tid for å slipa berget til andre former enn det som har vore tidlegare.

Vi legg også merke til det glattskurte snauberget ved sida av vegen: Her har isbreen gnurt, og fått fram det hardaste av fjellsida, og det ligg midt i dagen å få auga på.

På vegen innover langs elva passerer vi også grusgruver der det er lett å sjå ulike lag i moreneavsetningane etter isbreen. Vi legg også merke til at det er dødis-terreng, dvs. område der isbreen har delt seg, og den ytste delen har vorte skild frå den inste «mor-breen». Dette har ført til at det ligg igjen nokre morenelag i eigne område, f.eks. ved Syltre, desse har utvikla seg på særprega vis.

Litt lenger inne kjem vi til Hølen, Hølura og Hølafjellet (feilskrive Holura og Holafjellet på kartet). Her var gapet mellom mor-breen og dødis-terrenget, det vart ein høl i Roaldstjørna.

Hølura ser ut som ei miniatyrutgåve av Gloppedalsura, med preg av store steinblokker som har rasa ut, heilt fram på flata i Fossbrekka, og også mindre steinar som har landa i lia under heile Hølafjellet.

Heilt nede på flata i Fossbrekka, er det eit større område dekt med mindre steinar som minner om rullesteinar ved kysten. Desse har sitt særpreg ved at dei ikkje vert dekte med mose, det veks litt lav på dei, men elles er dei nokså snaue.

I dette landskapet er fossen i Fossbrekka tydeleg, både visuelt og auditivt. Det buldrar og brusar, og fossen er lett synleg på god avstand når vi beveger oss inn mot dette området.

Dersom fossen vert redusert ved at det vert berre om lag 10% av den normale vassføringa i han, vil det verta nesten som ein liten sildrebekk, synsinntrykka vert svært endra, og det same vert lydane. Det mektige vert etter vårt syn heilt vekke, og opplevinga av dette landskapet vert svært forringa.

2) Historiske forhold, kulturminne og kulturmiljø

a) Steinalderen:

Det er sannsynleg at steinaldermenneska som var på veg frå Eigerøy til den inste enden av Store Myrvatn, der dei jakta på reinsdyr, følgde vassdraget frå Tengs og innover i landet. (Jf. Det er gjennomført arkeologiske utgravingar og gjort funn ved Store Myrvatn. – Jf. Hanne Thomsen)

Det er i flg. Hanne Thomsen ikkje usannsynleg at det i djupare jordlag kan finnast spor etter denne ferdsla ved Roaldstjørna, ein stad der det kunne vera naturleg å stoppa på vegen. Men dette er ikkje undersøkt.

b) Mellomalderen og framover – Kyrkjevegen:

Det er kjent at det lenge har vore ferdselsveg mellom Maudal og Espeland. I flg. Fylkesrådmannen er det sannsynleg at dette har vore del av ein kyrkjeveg, som går tilbake heilt til tida før reformasjonen, dvs. før 1537.

c) Husmannsplassar med tufter og andre synlege kulturminne

I Fossbrekka er ein stor del av bakkane prega av at det har føregått dyrking av jorda, stein er rydda, det er lagt inngjerdingar av steinane, og det er eit stort arbeid og strev som ligg bak det vi ser der no.

Hustuftene (av stein) står framleis, og er også ein tydeleg del av heilskapen i Fossbrekka. No er dei minnesmerke over ei tid som ikkje er så all verda lenge sidan, folk som lever i dag, veit at deira besteforeldre og oldeforeldre hadde tilhald her.

Vi veit at på det meste var tre familiar busette samstundes på denne husmannsplassen. Dei siste husmennene flytta frå plassen på slutten av 1890-åra.

d) Gammalt kvernhus og vasskall

Ved utløpet frå Maudalsvatnet er det også restar etter eit gammalt kvernhus og ein vasskall. Vi reknar med at det har vore der husmennene, og ev. dei som budde på Lanes, har male kornet sitt.

3) Konsekvensar for landskap og kulturminne ved utbygging

Dersom det vert gitt konsesjon til kraftutbygging her, vil landskapet verta tydeleg påverka, og etter vår meining vil opplevinga av den heilskapen som er no, verta vesentleg forringa.

Det heng først og fremst saman med at vassføringa vil verta redusert til ca 10% av noverande normal vassføring.

Vidare vil landskapet verta synleg annleis pga. endra vegbreidde og veglengde. Det vert også betydelege overskottsmassar etter at det i Fossbrekka kjem ei rørygate der røryrdiameteren er 1,8 m, og lengda er over 450 m. Konsekvensane som kjem av overskottsmassane og inngrepa i landbruksvegen, er etter vårt syn underkommuniserte i søknadene.

Viss konsesjon vert gitt, vil det verta bygt ein kraftstasjon rett under det eine fossefallet i Fossbrekka. Denne bygningen vil verta eit framandelement i dette landskapet. I tillegg vert det riggområde både ved inntaket ved Maudalsvatnet og ved kraftstasjonen. Noko av landskapet vert neddemt, og det kjem mur ved utløpet frå Maudalsvatnet.

Tilsvarande inngrep vert det i landskapet i Storåna, nærmare Espelands-gardane:

- Det vert inngrep i landbruksvegen heilt frå Fossbrekka og heim til utløpet av Roaldstjørna.
- Også her vil rørygata ha diameter på 1,8 m, lengda vert om lag 300 m.
- Noko av landskapet vil verta neddemt, det vil koma ein mur ved utløpet frå Roaldstjørna.
- Det vil koma kraftstasjonsbygning.

- Dei to fossane i denne delen av vassdraget vil ha svært lita vassføring, og jettegrytene vil nok vera vasslause.

I Fossbrekka vil husmannstuftene i og for seg ikkje verta berørte av ei eventuell utbygging. Men, som nemnt ovanfor, vil følgjene av den store røyrkata, endring av vegbreidda, oppføring av kraftstasjon pluss at det kjem betydelege mengder overskotsmassar, det vil medverka til at heilskapsinntrykket av landskapet og området vil framstå ganske annleis enn det gjer i dag.

Kommentar til pkt. 1, 2 og 3:

Etter vårt syn tilseier dei nemnde endringane som vil koma i landskapet, saman med dei følgjene det vil ha på kulturminne og kulturmiljø, at ei kraftutbygging vil forringa verneverdiane i så stor grad at det ikkje bør verta gitt konsesjon for utbygging.

4) Friluftsliv

I søknaden (s.20) står det: «Det er ikke noe friluftsliv knyttet til elvestrekningen, til det er elva altfor stri og bratt». Dette stemmer ikkje, jf. Informasjon nedanfor og vedlagde fotografi.

a) Padling

Det vert i denne samanheng vist til at elvekajakpadlarar brukar elva og fossane i Fossbrekka til padling. Rett nok er det krevjande å padla der, men det føreligg både fotografi og endåtil video frå slike padlingar. (Jf. Vedlegg + facebook-side)

b) Bading

I dei strekningane som vert berørte både ved Øvre og ved Nedre Lanes kraftverk, er det badeplassar som hyppig er brukte av både tilreisande og folk frå Bjerkreim. Her er varierte mulegheiter, nokre stader er det også fint å stupa eller hoppa frå høgder vi sjeldan finn i elvane. Andre område er grunne og eignar seg svært godt når dei små borna vassar eller prøver å læra seg å symja.

c) Merka tursti m/informasjon på Bjerkreim kommune sine heimesider

Strekninga langs Storåna er ein av dei turstiane som Bjerkreim kommune marknadsfører på heimesidene sine. Det er sett opp kart over turstien, og badeplassane er avmerka. Turstien er svært populær, både for dagsturistar og for andre som ønskjer å overnatta ute. Turstien er også svært ofte brukt av dei som har skaffa seg fritidsbustad i øvre del av Bjerkeim.

d) Universell utforming og «kortreist»

Vegen langs Storåna og inn til Fossbrekka er lett tilgjengeleg, både små born, ungdommar, vaksne og gamle kan koma seg greitt inn i dette fine området.

Småbarnsforeldre kan ta turen dit med barnevogn utan store problem.

Rullestolbrukarar kjem seg også inn dit på eigahand, noko vi ved sjølvsyn opplevde på ein av dei turane som vart arrangerte no i mars 2017.

e) Telting

Ofte overnattar born og foreldre nokre netter i telt, dette skjer nokså hyppig frå utpå våren og til ei stund utover hausten.

Det kan vera både to og tre telt samstundes, og sidan området ikkje er så trongt, ser det ut til å fungera ganske greitt. Aktivitetane vert då ofte bading og fising, og mange små ungar har fått sine første fiskar i dette området.

f) Klasseturar for elevar i Bjerkreim

Området er også nytta til som mål når skulane i Bjerkreim har lagt opp «bli-kjent»-turar eller turar i samband med sommaravslutningar. Elevar har fått sjå og oppleve eit område som for mange framstår som urørt natur.

Kommentar vedr. pkt. 3 friluftsliv:

Området er mykje brukt til friluftsliv, både til ekstremsport (kajakpadling i fossen) og til turgåing, bading og telting. Med ca. 10% av normal vassføring i fossane, vil elvekajakpadling verta umogeleg.

Bjerkreim kommune har gjennom fleire år medverka til å gjera strekninga langs Storåna og området i Fossbrekka kjent for både kommunen sine innbyggjarar og tilreisande.

Det vil nok også verta mindre attraktivt å gå langs elva innover, sidan mykje av elvestrekninga vil ha svært lita vassføring, dermed vert både syns- og høyrselopplevingane svært mykje svakare.

Ein kraftstasjonbygning rett ved ein av badeplassane i Fossbrekka, saman med ein i heimre del av Storåna, vil opplevast som framande element ved elveløpet. Området langs elva misser preget av å vera så urørt som det er i dag.

5) Fiske

a) Lett tilgjengeleg – stangfiske

Som grunneigarar har vi ofte fått meldingar om at det er lett å få fisk i Storåna, og at gode fiskeplassar på dei ulike strekningane er lett tilgjengelege. Vi opplever at foreldre (ofte fedrar) tek med seg ungane sine, og ikkje sjeldan høyrer vi forteljingar om at dei vaksne har blitt kjende med dette området pga. at foreldra hadde teke dei med tjue til tretti år tidlegare.

b) Aure (laks?)

Det er auren som bit på fiskestengene. Men sidan det har vorte fiska smålaks i Storavatnet, vil det nok også vera mogeleg å få slik fisk i den nedre delen av Storåna.

Kommentar til pkt. 5 fiske:

Viss det vert gitt konsesjon til kraftutbygging, vil nokre av dei godt brukte fiskeplassane verta ubrukelege pga. at minstevassføringa vert for liten. Dette gjeld ved begge kraftstasjonane.

6) Andre kommentarar

a) Facebook-gruppe oppretta 14. februar 2017

Engasjementet på nettet har vore svært stort, endå til utanlandske turfolk har bede om å få verta medlemmer i gruppa, og pr. i dag er over 1400 personar med i gruppa.

Nokre av desse kjenner området for di dei har kome som journalistar, og har gitt uttrykk for at dette ikkje berre er ein fin stad i Noreg, dei har endåtil sagt at dette er noko av det aller finaste dei har sett i landet vårt. Ein av videoane med opptak m.a. frå dette området, den ligg på YouTube og har hatt nesten 350.000 visningar.

I facebook-gruppa har mange lagt ut fotografi frå eigne turar, skrive innlegg eller delt privat video. Felles for dei er eit stort engasjement, interesse og iver for å ta vare på og sikra dette området slik at det også for komande generasjonar vert tilgjengeleg slik det er no.

b) Guida turar

Det har i den siste tida vorte arrangert to turar langs Storåna og inn til Maudalsvatnet. Oppslutninga har vore god, og dei frammøtte har vore overraska og svært begeistra for dei opplevingane dei har hatt.

c) Støtte til høyringsuttalen vår frå andre

Mange har takka oss grunneigarar for at vi prøver å arbeida for vern, og ein del har gitt uttrykk for at dei svært gjerne vil bidra på måtar som er mogelege for dei.

Dei har m.a. gitt uttrykk for at dei gjerne vil vera med oss gjennom å støtta vår høyringsuttale. Vi har gitt høve til at dei som vil det, får slutta seg til høyringsuttalen, noko som er organisert gjennom underskriftslistar eller gjennom elektronisk sporbare meldingar. Støtte er gitt både frå nokre organisasjonar, og også frå mange enkeltpersonar.

d) Fotografi

Vi har valt å leggja ved nokre fotografi for å visa noko av det vakre landskapet og noko av dei aktivitetane som finn stad i dette området. Dette er å finna sist i dette dokumentet.

Oppsummering

1) Landskapet

Vi har ovanfor peikt på at ei kraftutbygging i Fossbrekka (Øvre Lanes kraftstasjon) og ei kraftutbygging i Storåna vil innebera svært store inngrep i det heilskaplege landskapet med elva og fossane. Då det vart opna for mogeleg kraftutbygging i det verna Bjerkreimsvassdraget, vart det stilt som vilkår at grunnlaget for vernet ikkje skulle verta forringa. Etter vårt syn vil ei kraftutbygging innebera ei sterk forringing at landskapet.

2) Geologiske forhold, historie og kulturminne

Vi har ovanfor vist at det er mange særpreg ved landskapet, nokre av desse er heng saman med isbreen som har sett spor etter seg, både gjennom blankskurte fjell og jettegryter.

Gjennom dette området går det ein gammal ferdselsveg, brukt gjennom tusenvis av år.

Det er også tydelege spor etter husmannsfamiliane sine bustader og deira arbeid, medrekna restar etter eit gammalt kvernhus og vasskall.

3) Friluftsliv og fiske

Området i Fossbrekka og også resten av elvestrekninga er mykje brukt til friluftsliv og fiske, jf. det som er peikt på ovanfor. I søknadene står det at elva er for strid for slik bruk, det er tydeleg at søkjar ikkje har sett seg særleg inn i kva moglegheiter denne elva gir.

I tillegg er det viktig å peika på at området er så lett tilgjengeleg at folk i alle aldrar og også rullestolbrukarar ganske greitt kan koma seg inn i dette området på eiga hand.

Konklusjon:

Ut frå dei forholda vi har peikt på ovanfor, bed vi med dette NVE om å avslå Småkraft AS sine søknader om å få byggja Øvre Lanes og Nedre Lanes kraftstasjon.

Med helsing

Aslaug M. Undheim og Velle A. Espeland - grunneigarar (gnr. 45/br.nr. 1)
 Ida og Torbjørn Espeland – grunneigarar (gnr. 45/br.nr. 8)
 Camilla og Tor Gunnar Gjedrem – grunneigarar (gnr, 45/br.nr. 3 og 4)

Lag og organisasjonar:

Dalane Turlag v/leiar Randi Birkeland

Bjerkreim Padleklubb v/Marius Hegelstad

Følgjande personar har støtta denne høyringsuttalen gjennom underskrifter og meldingar sende til initiativtakar Aslaug M. Undheim:

Nr	Namn
1	Siri Vikeså Sjøtrø
2	Kari Tove Vikeså
3	Øyvind Sjøtrø
4	Tore Malmei
5	Christoph Kress
6	Toril Asbjørnsen

7	Olaug Espeland
8	Synnøve Grøtteland Helland
9	Hallvard Veen
10	Torunn Ivesdal Gjedrem
11	Paul Tengesdal
12	Jens Tengesdal
13	Tone Vaule
14	Jostein Merkesdal
15	Egil Gjedrem
16	Sissel G. Vikeså
17	Bjørn Hille
18	Jørgen Ivesdal
19	Ingrid Espeland Fairhurst
20	Andreas Hausberg
21	Ingfrid Ivesdal
22	Inger Ivesdal Nilsson
23	Theodor Ivesdal
24	Magne Helland
25	Rolf Moi
26	Hanne Thomsen
27	Tor Vassbø
28	Liv Tordis Lomeland
29	Gunnar A. Aarstad
30	Inger Helen Espeland
31	Kristian Ugelstad
32	Josef Malmei
33	Anita Bue
34	Tore Jacobsen
35	Eldbjørg Ivesdal
36	Heidi Espeland
37	Julia Espeland Jacobsen
38	Bertine Ivesdal
39	Teo Solvang
40	Anne M. Vikeså
41	Stenar Grøsfjell
42	Lars A. Svela
43	Thea Ivesdal
44	Synne Solvang
45	Tor G. Solvang
46	Ingunn Espeland
47	Ommund Osland
48	Kari Lise Osland
49	Magnus Espeland Fairhurst
50	Egil Svela
51	Per Nilsson
52	Kjell Braut
53	Kari Braut
54	Roald Lomeland

55	Kari Hvidsten Gjedrem
56	Karl Gjedrem
57	Ingfrid Gj. Malmin
58	Åse Espeland
59	Kari Grøtteland van Pelt
60	Aasmund Ulvund
61	John Tuplin
62	Bente Ivesdal Tuplin
63	Graham Fairhurst
64	Arna Margrete Olden Sagen
65	Martha Jakobsen Ulvund
66	Gaute Skretting
67	Bunu S. Gjedrem
68	Alf Helge Søyland
69	Kjell Arne Refstie
70	Ingrid Gilje Gjedrem
71	Jan Tore Gjedrem
72	Erik Gjedrem
73	Lars Endre Orseth
74	Øyvind Espeland
75	Mona Tengsareid Espeland
76	Tor-Ivar Espeland
77	Joakim Espeland
78	Kristian Espeland
79	Vigmund Espeland
80	Marianne Oppi Espeland
81	Torvald Espeland
82	Kristin Espeland
83	Britt Dragsten Graabak
84	Vidar Espeland Eide
85	Mauritz Bjerkreim
86	Ruth Meidell Sande
87	Mona Helland
88	Margoth Sundsbø
89	Ellen Heber
90	Marit Fimland
91	Oddveig Fossdal Drøpping
92	Velle Kristian Undheim Espeland
93	Siril Nyland
94	Hanna Jorunn Pettersen Torland
95	Odd Henning Johannessen
96	Elin Svensen
97	Leiv Kåre Rosengren
98	Fredd G. Rundevold
99	Jarle Stokka
100	Merete Jacobsen
101	Lise Hegelstad
102	Harald Asheim

103	Hanna Espeland Jacobsen
104	Elseberg Gunn Hovland
105	Jorunn Søyland
106	Frans J Vanderleemputte
107	Karen-Lise Undheim
108	Linn Helland
109	Morten Salte
110	Torlaug Kjøde
111	Mari Leikvangen
112	Fredrik Falck
113	Per Spødervold
114	Sigrunn Undheim Stangeland
115	Jon Rune Jørgensen
116	Sylvia Helland
117	Ingunn Vika
118	Elin Holen De Capitani
119	Preben Falck
120	Helge Husveg
121	Grethe Inger Vikeså Hegrestad
122	Stein-Roar Fjellgård Slotterøy
123	Egil Håmsø
124	Gunnar Mån Østebø
125	Ingrid Bratli
126	Geir Asheim
127	Kjell Rise
128	Brit Tengesdal
129	Knut Pettersen
130	Janne Handeland
131	Per Rise
132	Valbjørg Espeland
133	Frank Emil Moen
134	Mary Ann Egset Opsahl
135	Inghild Hegelstad Åsen
136	Vigdis Egset
137	Mons Bjone
138	Olaf Asbjørnsen
139	Irene Thorberg
140	Olga Fossdal
141	Sverre Hetland
142	Baard Utvik
143	Elin Asbjørnsen
144	Solveig Eikrem
145	Lise Vikesdal
146	Ernst Herredsvela
147	Lilly Anne Håversen
148	Margun Agnete Hegelstad
149	Nina Kristin Olsen
150	Ellen Tharaldsen

151	Kristoffer Eltervåg
152	Sissel og Kjetil Hetland
153	Kjetil P. Espeland
154	Lovise Hol
155	Nina Natvig
156	Erik Thoring
157	Rune Folkvord
158	Tormod Ruud
159	Trond Frostad
160	Elsa Rise
161	Linn Vassvik
162	May Britt Møllen
163	Jean Reidar Ivesdal
164	Geir Arild Bjørløw
165	Helge Lien
166	Helga K. Hegelstad
167	Andreas Rise
168	Alice Hegelstad
169	Roger Lagård
170	Eline Jessica
171	Arild B. Andreassen
172	Hege Bratlebø
173	Jorunn Othelie Marie Nilsen
174	Edvin Berg
175	Johnny Sundvor
176	Kate Mary
177	Suzy Qu
178	Oddmund Nordgård
179	Kari Thomsen
180	Mari Leikvangen
181	Olaf Ellingsen
182	Anja Kristine Espeland Solberg
183	Ivar Kim Røkke
184	Estepan Briosca
185	Marius Hegelstad
186	Gine Kerlaine Hegelstad
187	Gunn-Marthe Idland
188	Linda Husveg
189	Siri Thyse Valand
190	Kirsten Helen Bredahl
191	Guro Bryne
192	William Espeland
193	Mads Tore Tengesdal
194	Solvor Helland
195	Ruth RC
196	Ingrid Bratli
197	Roald Aga
198	Odd Geir Abeland

199	Anne-Marthe Hovda
200	Kirsti Haug
201	Iver Jan Leren
202	Aslaug M. Neset
203	Therese Anita Holmen
204	Berit Erga
205	Frøydis Bredeli
206	Siv Vikesdal
207	Unn Therese Omdal
208	Eli Undheim
209	Heidi Ottesen Steinskog
210	Frode Haga Olsen
211	Kjartan Alexander Lunde
212	Kurt-Jan Hansen
213	Marton Selbach
214	Alexander Torgersen
215	Olaus Vikesdal
216	Gudrun Egeland
217	Magni Ødegård
218	Jon Rune Jørgensen
219	Elisabeth Vikeså
220	Trygve Bjerkreim
221	Odd Grude
222	Anja Janette Østerlind Gravdal
223	Lise Hegelstad
224	Oddvar Vermedal
225	Torill Evy Thune
226	Bente Jelsa
227	Anny Osland
228	Ivar Egeland
229	Rolf Andreas Solås
230	Åshild Slettebø
231	Kristian Dragsund
232	Renate Omdal
233	Ada Møllen
234	Sverre Ramdahl Ranum
235	Helge Sunde Rasmussen
236	Gry Songe Kittelsen
237	Arnt Helge Hegelstad
238	Powell Ren Katherine
239	Per Henry Runde
240	Solveig Bårdseth
241	Sverre Skadberg
242	Cathrine Egeland
243	Serina Vikesdal Salte
244	Anne Marie Gåsland
245	Ragna Gåsland
246	Torill Johnset

247	Frank Thomas Hegelstad
248	Glenn Ousdal
249	Olga S. Nakken
250	Marit Kyllingstad Bråten
251	Keth Odland
252	Haldis Hagen
253	Nils Andersen
254	Steinar Saurdal
255	Marit Kvadsheim
256	Åse Kari Bråдли
257	Gry Merete Bråдли
258	Karin Klingsheim
259	Kamilla R. Medbøen
260	Kristine Emily Sporsheim
261	Aud Vaule
262	Inge Myhre
263	Monica Fuglestad-Tjemsland
264	Eivind Thomsen
265	Eva Løvbrekke
266	Arne Friestad
267	Gerny Nedrebø
268	Vibeke Vikeså
269	Reidun Simonsen
270	Hilde Karin Teigen
271	Ståle Undheim
272	Roar Løken
273	Ingeborg Bodzioch
274	Anne Gerd Bjerkreim
275	Inger Cecilie Rise
276	Olav A. Håvik
277	Iris Hille Mellemstrand
278	Atle Strømsvold
279	Kjartan Thu
280	Jan Petersen
281	Jan Tore Skårland
282	Terje Havsø
283	Skjalg Espedal
284	Dirk Baris
285	Ruben Siva
286	Liv Kielland
287	Anita Svela
288	Tollef Bjerkreim
289	Matthias Göttenauer
290	Mats Wålstedt
291	Ebbe Jacobsen
292	Paul Sundvor
293	Johanna Seim Hjelland
294	Trond Nerdal

295	Elaine Munthe
296	Åse Kjosavik Gudmestad
297	Hilde Wathne Mong
298	Håvard Vikeså
299	Ingunn Tengesdal Olsen
300	Alf Reidar Eik
301	Eric Adolfsen
302	Gunnar Veen
303	Alice Egset
304	Jennifer Bolton
305	Jorunn Vormeland
306	Magnar Sandstøl
307	Geir Anders Hadland
308	Eva Løvbrekke
309	Hilde Espeland
310	Evelyn Heimtun
311	Anita Lomeland
312	Raymond Harouny
313	Terje Helland

Frå fossen i Storåna



